



# Vinje kommune

## VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I VINJE KOMMUNE

### 1. EIGARTILHØVE

Vinje kommune er eigar av dei kommunale barnehagane. Kommunestyret, eller den kommunestyret gjev mynde til, fører tilsyn med verksemder som er regulerte etter Lov om barnehagar.

### 2. FORMÅL

Dei kommunale barnehagane i Vinje skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar gjeldande frå 1.1.2006, føresegnene og retningslinene som departementet til ei kvar tid fastset, kommunale vedtak og plan for barnehagane.

Barnehagane skal arbeide i nær kontakt med lokalsamfunnet, slik at borna får kjennskap til si eiga bygd og lokale kultur.

Nynorsk målform skal så langt som råd nyttast i songar og litteratur i barnehagane.

Årsplanar/planar for det pedagogiske innhaldet i barnehagen skal leggjast fram for foreldrerådet og fastsetjast av samarbeidsutvalet.

### 3. FORELDRERÅDET

Foreldrerådet er sett saman av alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Det skal fremje samarbeidet mellom barnehagen og heimane.

### 4. SAMARBEIDSUTVALET

Kvar barnehage har eit samarbeidsutval som er sett saman av foreldre og tilsette (lik representasjon) og ein representant frå eigar.

### 5. DEI TILSETTE

I barnehagane er det tilsett styrar, førskulelærarar og assistentar i samsvar med gjeldande lov om barnehagar.

Dei tilsette i barnehagane pliktar å arbeide i samsvar med barnehagen sine vedtekter og gjeldande instruksar.

Personalet og samarbeidsutvalet har teieplikt etter § 13 i Forvaltningslova.

## 6. SØKNAD OM Plass/OPPTAK, OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn.

Hovudopptaket skjer om våren. Tildelt plass gjeld til barnet tek til i skulen. Dersom søkjar vil klage avgjerda om barnehageplass, skal klaga sendast til kommunen innan 3 veker.

Saka vil då måtte opp administrativt før ho går til klagenemnda for endeleg avgjerd.

Rådmannen, eller dei han delegerer det til, gjer opptak.

Avgjerdsrett ved søknad om opptak er delegert frå rådmannen til den enkelte barnehage / oppvekstsenter.

### OPPTAKSKRITERIUM:

Liste over tilhøve ein skal ta omsyn til ved opptak, kriteria er i prioritert rekkefylgje:

#### A.

1. Barn med nedsett funksjonsevne. Det skal liggje føre ei sakkunnig vurdering.
2. Barn som er tilrådd av faginstansar.
3. 5- åringar.
4. Barn av einslege forsyttarar eller foreldre der ein er vekependlar.
5. Barn med baa foreldre i arbeid / utdanning.

Av pedagogiske og sosiale grunnar skal barnehagesjef/oppvekstsjef og ta omsyn til barnegruppa si samansetjing i det heile, t.d. alder, kjønn og kontinuitet.

Eldre barn får plass framfor yngre.

Endring av tilbodet for dei som alt har plass, går føre opptak av nye barn.

Barn som fyller eit år seinast innan utgangen av august og som det blir søkt plass for i hovudopptaket, har rett til barnehageplass frå august.

#### B.

Rådmannen har mynde til å tilby barnehageplass som eit rekrutteringstiltak uansett yrkesgruppe det måtte vera manglar på i Vinje kommune.

Fristen for oppseiing av barnehageplass er ein månad, frå 15. eller siste dag i kvar månad.  
Oppseiinga skal vera skriftleg.

## 7. BETALINGSSATSAR

Betaling for opphaldet i barnehagen skjer kvar måned etter gjeldande satsar vedtekne av kommunestyret.

Betalinga er på etterskot og gjeld for ein måned om gongen.

Endringar i betalingsatsar vert vurderte i samband med dei årlege budsjett - handsamingane.

Endringar i takstsystemet vert ikkje gjort gjeldande før starten av nytt barnehageår, om ikkje Staten gjev retningsliner om noko anna.

Betaling for barnehage tilbud er gradert etter husstanden si samla dagsaktuelle bruttoinntekt.

Moderasjonar:

50 % syskenmoderasjon for det andre barnet, 75 % for kvar av dei neste.

Det er høve til å søkje fri plass.

## 8. OPNINGSTID / FERIAR

Barnehageåret tek til når nytt skuleår startar om hausten.

Dei er stengde jole- og nyårseftan og alle helge- og høgtidsdagar.

Barna skal ha 4 veker ferie pr. år. 3 av desse vekene skal takast i samanheng. Den 4. veka kan delast i to, men ikkje i enkeltdagar.

Alle barnehagar er stengde 5 dagar i barnehageåret i samband med kurs- og planleggingsdagar for dei tilsette.

Merknader til pkt. 8.

- Barnehageplass vert tildelt frå skulestart. Det vert fakturert for barnehageopphald frå 15.08.
- 6-åringar som ikkje skal ha SFO - tilbud, har barnehageplassen fram til 15.august, eller til plassen vert sagt opp (skriftleg, skjema).

Vedteke i sak 10/10 i Oppvekst- og velferdsutvalet 24.03.2010